



**Randi Karin Rusten kjem med debutplata si 18. november og platesleppet skjer i Dønhauglåven! Plata inneheld i alt 12 spor, 11 coverlåtar og ein originalmelodi. Denne er skriven av kvinnhering og tidlegare "Headin' West"-medlem, Oddgeir Røsland. Dei andre låtane har tidlegare vore utgitt på plate av countryartistar frå USA og Australia.**

Det er dyktige musikarar som medverkar på plata. Nemnde Oddgeir Røsland spelar fleire ulike instrument, m. a. gitar, banjo og mandolin. Gitaristen i EDO, Finn Tore Hellesen, busett på Sunde, er med på fleire av låtane. Av andre gamle travarar frå det lokale musikklivet er bassgitaristen Odd Tollaksvik frå Stord, kjend frå eit utal lokale popgrupper og trommeslagaren Ole Kronenes, som sist var med i countrygruppa "Jack of Hearts". Frå denne gruppa kjem også ein annan gitarist, Finn Halleraker, som er busett på Bømlo.

Klassiske country-instrument som steelgitar og fele er henta frå musikkmiljøet i Bergen, representert med musikarane Egil Skjelnes (frå Varaldsøy) og Øystein Fosshagen. Steelgitaristen Skjelnes har også ei fortid i "Headin' West", og har elles medverka på mykje av countrymusikken som har vore gitt ut i Noreg gjennom mange år.

Bergensaren Øystein Fosshagen er ein anerkjent felespelar, som er mykje nytta som studiomusikar. Han spelar for tida i bandet "Meget i sløyd", som saman med Øystein Sunde gjer stor suksess på Dizzieteateret i Oslo med showet "Sånn er'e bare".

At platesleppet skjer på Dønhauglåven er ikkje helt tilfeldig. Uskedalen er ein av dei sterke country-bastionane i distriktet, der ein endåtil har planar om å arrangera Vestlandet sin første reine country-musikkfestival neste sommar. Vi tippar at det vert folksamt på dansegolvet under platesleppet. Det vert to band på scena. "Black Mystery Band" med Randi Karin Rusten og popgruppa "Pearl" frå Halsnøy vil syta for feiande, frisk country og annan god dansemusikk for vaksne til ut i dei små timar.

Låvemeister Magne Huglen lovar ein godt oppvarma låve og tradisjonell "dønhaugsk" gjestfridom. Det vert sett opp bussar for å frakta folk trygt heim etter arrangementet.

**POK**